

På eit kurs i kajakkpadling med Njord er læring og moro i fokus. Eit av kurset sine hovudmål er å fremje padleglede og å oppmuntre til at du som deltakar vil nytte kunnskapen og erfaringa som du tilegnar deg etter kurset.

På eit Grunnkurs vil all padling skje innaskjers eller i skjerma farvatn, vi vil ikkje ta deg med ut i bølger, det er tema for andre kurs ☺.

Ein av tinga vi vil gå gjennom på kurset er redningar, kva gjer du om du eller ein kamerat hamnar i vatnet ufrivilleg? Redning og trening på dette vil vi legge til slutten av kvar dag, slik at vi er våte i kortast mogeleg tid. På grunn av denne delen av kurset vert det noko bading. I den samband er det viktig at du har med deg ein del personleg utstyr og klesskift, hugs vatnet er kaldt så ta med varme ekstra klede!

Utstyrspakka for grunnkurset:

- Kajak
- Åre
- Padlevest
- Spruttrekk
- Våtdrakt (Long John / Jane)
- Padlejakke
- Årepose
- Pumpe
- Neoprensko
- Tørrbag



Tillegg for teknikkurs

- Tauline
- Hjelm

Anbefalt personleg utstyr

- Tørt klesskift som er klar når ein kjem på land
- Stillongs i ull, gjerne eit par stk
- Ulltrøye, gjerne eit par stk
- Ullsokkar, gjerne eit par sett
- Tjukk fleece eller ullgenser
- Varm jakke til pausane
- Hue og/eller neoprenhette
- Hanskar
- Solkrem og solbriller
- Handklede
- Mat
- Drikke, kald og varm
- Snacks
- Kamera (helst vasstett)



Vi i Njord ser fram til å ta deg med ut på vatnet og to kjekke dagar.